Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Veving

Oppskr. av: Olav O. Ragde

(adresse): Odda

Fylke: Hordaland

Herad: Odda

Bygdelag: Odda

Gard: Ragde

G.nr. 27 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

1. Til mannsklær var det buksa- trøya og vest, til ytterklær og var ein kvitt vendavadmål som var farga med mykt blåfarge til helgdagsklær. Og til kvardagsklær brukte dei grått vendavadmål. Og til underklær brukte dei til buksa kvitt eller grått vendavadmål og til udla (undertrøya) nærast kroppen kvitt, grått eller spunsete tvistkjeftevadmål

2 Til kvinneklær brukte dei til stakk mykjeblått tvistkjefta med raud eller grøn upplutt (liv)

3. Undertøy for menn sjå ovanfyre.
for kvinnor brukte dei kvitt eller grått til udlar tvistkjefta og kvit understakk eller ogso stoff av sumare slag, med brunt eller kvitt bomullsgarn til varp med vevnad som tvistkjefta.

4. Sengeumhang er ukjendt for folki her

5. Til sengetøy var det kvitlar og rye for det meste. Kvitlarne var vovne som vend kvite med svarte eller raude render.

9161

framhald

2.

5. Åkladi eller rygene som dei brukka var noko dei kalla krokåklad med enkle og dubla krokar, teinåklad var laga med tversstriper i ymse fargar, Dakkåklad og noppåklad
Putevar (hågjend) var ofte av stoff med med bumuldsgarn som varp og til verp (islett) anten raudt eller andre leter, etter som det høvde.

6. Ukjent for meg.

7. Til handklad brukte dei gjerne lin til renning (varp) og anna bomuldsgarn til inslag (verp)

8. Um åkleer sjå 5 ovanfyre
Andre rengteppe som dynetrekk var laga av brunt bomuldsgarn til renning med islett av kvitt bomuldsgarn med ei blanding av fleire leter uldgarn; vevemåten var helst vendavevnad,
Andre namn enn dei som er nemnde ovanfyre kjenner eg ikkje.

II

Eg kjenner ikkje til andre mynster em lynildeborder på dakkåkleer og noko dei kallar brauter på summe andre.

9161

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING